


22. AUG. 1990

# ÅRSMELDING for 1989.



**FISKERIRETTLEIAREN**

I SUNNHORDLAND

5430 BREMNES

*Bid.*


TENESTEDISTRIKT SONE 1, SUNNHORDLAND.

BØMLØ KOMMUNE:	Areal: 231 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 9.676 Kommunesenter: Bremnes.
ETNE KOMMUNE:	Areal: 708 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 4.056 Kommunesenter: Etne.
FITJAR KOMMUNE:	Areal: 155 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 3.082 Kommunesenter: Fitjar.
KVINNHÉRAD KOMMUNE:	Areal: 1.136 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 13.137 Kommunesenter: Rosendal
STORD KOMMUNE:	Areal: 140 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 14,525 Kommunesenter: Leirvik.
SVEIO KOMMUNE:	Areal: 264 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 4.599 Kommunesenter: Sveio.
ØLEN KOMMUNE:	Areal: 184 kv.km. Innbyggjarar pr. 31.12.89. 3.119 Kommunesenter: Ølen.



# FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND  
5430 BREMNES



ÅRSMELDING FOR 1989 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN  
I SUNNHORDLAND.

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondansen
- 1.7. Fiskerinemnda
- 1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemd

3. Fiskeflåten

- 3.1. Merkerregisteret
- 3.2. Konsesjoner

4. Foredlingsleddet

- 4.1. Oppfiska kvantum/verde

6. Låne- og andre finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond

7. Tiltak/tiltaksplaner

8. Summering

- 8.1. Rettleiingstenesta
- 8.2. Fiskerinæringa.

9. HAVBRUK.

- 9.1. Fiskeoppdrett, laksefisk
- 9.2. Marine artar
- 9.3. Skalldyr

Tabellar, diagrammer.

## 1. FISKERIRETTLEIARKONTORETS VIRKE OG FUNKSJON.

### 1.1. Fiskerirettleiararkontoret.

Sidan 1982 har Sone I i Hordaland omfatta fylgjande kommunar:

Bømlo  
Fitjar  
Stord  
Kvinnherad  
Ølen  
Etne  
Sveio

Nemninga for kontoret har sidan 1983 vore Fiskerirettleiar i Sunnhordland og kontorkommune har heile tida vore Bømlo, med adresse 5430 Bremnes. Kontorlokala som ligg i 2. etasje i Bremnes Elektro A/S sitt bygg er gode og tidhøvelege og kontoret er godt utstyrt med inventar og kontormaskinar. Arbeidstilhøva er gode.

### 1.2. Personalet.

Bemanninga på kontoret har vore som førre året: Fiskerirettleiar og ein fast tilsett førstekontorfullmektig.

Også i 1989 har ein interkommunal Havbrukskonsulent vore knytt til kontoret ein del av året. Diverre fann dei samarbeidande kommunane i Sunnhordland at dei ikkje hadde råd til å oppretthalda ordninga, og stillinga vart inndregen med verknad frå 01.07.89. Ein har likevel vald å oppretthalda ordninga med eiga havbruksmelding som tillegg til den meldinga fiskerirettleiarer arbeider ut for den øvrige verksemda.

### 1.3. Korrespondansen.

Inngående brevjournal	syner for 1989:	1.100 reg.	I 1988:	856 reg.
Utgående - " -	" " 1989:	990 "	I 1988:	624 "

I desse tala er ikkje medtekne brev skrivne for fiskarar, heller ikkje er medrekna ymse skjema utsende til fiskarar utan særskild fylgjeskriv så som skjema for opptak i manntalet, skademeldingsskjemaer, skjemaer for ymse lånesøknader osv. Ei av årsakene til den relativt store auken i korrespondansen er at korrespondanse som vedrører havbruk dei seinaste åra vart førde over eigen journal hjå Havbrukskonsulenten, mens dei nå er komen innatt i journalen ved fiskerirettleiararkontoret.

### 1.7. Fiskerinemder.

Sidan 1984 har det vore 5 fiskerinemder i regionen. Kommunane Bømlo, Sveio og Kvinnherad har egne nemder på 5 medlemmer kvar mens Stord og Fitjar har felles nemd med 6 medlemmer, 4 frå Fitjar og 2 frå Stord. Vidare har Ølen og Etne felles nemd med 3 medlemmer frå Ølen og 2 frå Etne.

1.7.a. Fiskerinemda i Bømlo.

1. Jostein Hellen, 5430 Bremnes, leiar.  
Varamedlemer: 1. Harald Nøstbakken, 5440 Møsterhamn.  
2. Martin Hellen, 5427 Urangsvåg.  
3. Eli Anne Røkeund, 5440 Møsterhamn.
2. Kristbjørg Kvamme, 5443 Bømlo, nestleiar.  
Varamedlemer: 1. Knut Veivåg, 5430 Bremnes.  
2. Solfrid Lønning, 5443 Bømlo.  
3. Otto Habbestad, 5430 Bremnes.
3. Gunnar Strand, 5443 Bømlo.  
Varamedlemer: 1. Harald T. Nordtun, 5430 Bremnes.  
2. Johan Torkelsen, 5427 Urangsvåg.  
3. Endre Bærøy, 5437 Finnås.
4. Else Møgster, 5440 Møsterhamn.  
Varamedlemer: 1. Sigmund Gåsland, 5427 Urangsvåg.  
2. Ruth Berny Lønning, 5443 Bømlo  
3. Lars Eidesvik, 5443 Bømlo.
5. Einar Krogsæter, 5430 Bremnes.  
Varamedlemer: 1. Johannes Størksen, 5444 Espevær.  
2. Signe Marie Lønning, 5443 Bømlo.  
3. Leif Bukkøy, 5420 Rubbestadneset.

1.7. b og c. Fiskerinemda i Fitjar/Stord.

1. Kristoffer Eggøy, 5419 Fitjar, leiar.  
Varamedlem: Anna Waage, 5423 Brandasund.
2. Einar Valland, 5400 Stord, nestleiar.  
Varamedlem: Kurt Westerheim, 5410 Sagvåg.
3. Oskar Sørvik, 5423 Brandasund.  
Varamedlem: Norolf Hugøy, 5419 Fitjar.
4. Klara Torget, 5423 Brandasund.  
Varamedlem: Rasmus N. Fitjar, 5419 Fitjar.
5. Alf Martin Waage, 5423 Fitjar.  
Varamedlem: Anna Røyrøy, 5419 Fitjar.
6. Magne W. Risvold, 5400 Stord.  
Varamedlem: Nils Olav Føyen, 5410 Sagvåg.

1.7.d. Fiskerinemda i Sveio.

1. Jan Ottar Eriksen, 5534 Valevåg, leiar.  
Varamedlem: Arne Gramshaug, 5536 Tittelsnes.
2. Ivan Jørpeland, 5523 Smørsund, nestleiar.  
Varamedlem: Tone Nessa, 5520 Sveio.
3. Inge Olsen, 5526 Auklandshamn.  
Varamedlem: Egil N. Økland, 5526 Auklandshamn.
4. Jostein Svendsbø, 5534 Valevåg.  
Varamedlem: Agnes Lid, 5530 Førde i Sunnhordland.
5. Harald Storstein, 5523 Smørsund.  
Varamedlem: Kjell Eilerås, 5520 Sveio.

1.7.e og f. Fiskerinemda i Etne/Ølen.

1. Peder Heggebø, 5580 Ølen, leiar.  
Varamedlem: Kåre Heggebø, 5580 Ølen.
2. Arne Nervik, 5590 Etne, nestleiar.  
Varamedlem: Jørgen Lundal, 5598 Fjæra.
3. Anna Vaka, 5584 Bjoa.  
Varamedlem: Peder Berge, 5582 Ølensvåg.
4. Knut Trovåg, 5587 Vikebygd.  
Varamedlem: Rakel Vaka, 5582 Ølensvåg.
5. Asgaut Ness, 5593 Skånevik.  
Varamedlem: Erling Grindheim, 5590 Etne.

1.7.g. Fiskerinemda i Kvinnherad.

1. Arild Benjaminson, 5455 Halsnøy Kloster, leiar.  
Varamedlem: Jonny Sjø, 5455 Halsnøy Kloster.
2. Hannemor Kristensen, 5455 Halsnøy Kloster, nestleiar.  
Varamedlem: Malvin Isdal, 5455 Halsnøy Kloster.
3. Gaute Tofte, 5454 Sæbøvik.  
Varamedlem: Kjell Henning Sjø, 5454 Sæbøvik.
4. Valborg Miljeteig, 5457 Høylandsbygd.  
Varamedlem: Christine Dekke, 5470 Rosendal.
5. Arne Legland, 5463 Uskedalen.  
Varamedlem: Kjersti Bondhus, 5476 Mauranger.

### 1.8. Møteverksemda i fiskerinemdene.

Møtebøkene for dei ymse kommunane syner at der gjennom året har vore ein markert reduksjon i verksemda når det gjeld tal møter, tal saker handsama og medgått tid. Sett opp i tabellform tek dette seg ut som følgjer (tala for 1988 i parentes):

<u>Fiskerinemd:</u>	<u>Tal møter:</u>		<u>Saker handsama:</u>		<u>Samla møtetid:</u>
1.8.a. Bømlo	3	(4)	14	(29)	10,5 timar (15)
1.8.b/c. Fitjar/Stord	2	(3)	12	(21)	6,5 " (11)
1.8.d. Sveio	1	(2)	3	(8)	2 " (4,5)
1.8.e/f Etne/Ølen	2	(3)	5	(21)	3 " (7)
1.8.g. Kvinnherad	4	(3)	21	(11)	7,5 " (7)
Total	12	(15)	55	(90)	29,5 timar (44,5)

### 1.9. Fiskerinemdssaker.

Etter oppmoding frå Rettleiingstenesta sentralt har ein freista få ned utgiftene til møtegodtgjersle og reiseutgifter til nemdene. Ein har då sett seg nøydd til å handsama fleire saker administrativt, etter å ha klarert dei med leiar/nestleiar i vedkomande fiskerinemd. Ein har såleis fått ein auke av denne typen saker frå 66 i 1987 til 72 i 1989. Desse sakene vert så refererte på fyrste ordinære møte i nemda.

Av viktige saker som har vore handsama i nemdene i året kan ein nemna:

- Fiskarmanntalssaker
- Garantikassesaker
- Saker vedrørende kaste/låsettingstader
- Søknader til Statens Fiskarbank
- Konsesjonssøknader i havbrukssektoren, serleg då saker som gjeld utviding, flytting og naudflytting av anlegg.
- Uttalle i samband med søknader om konsesjon for skjellsandgraving
- Uttale om ymse typar arealdisponering i strandsona, så som kaibygging, hyttebygging, kloakkutslepp, utlegging av kablar osv.



## 2. SYSSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

### 2.1. Fiskarmanntalet.


Tabellane nedafor syner tal fiskarar fordelt etter aldersgrupper og gjennomsnittsalder. Tabellane syner og kva manntaleliste fiskarane står på. Blad B syner kor mange som har fiske som hoved- eller eineyrke, og Blad A syner dei som har fiske som attåttnæring, dei fleste på denne lista er likevel slike som er vortne pensjonerte medan dei var yrkesfiskarar.

Tabell 2.1.a. Bømlo kommune.

Ar	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	1	1	3	6	25	74	110	70,00
	Blad B	15	77	54	55	30	8	0	239	36,46
	Totalt	15	78	55	58	36	33	74	349	47,03
1989	Blad A	0	1	1	2	7	21	73	105	70,23
	Blad B	9	83	51	50	35	9	0	237	37,03
	Totalt	9	84	52	52	42	30	73	342	47,22

Tabellen syner utviklinga siste året, mens diagrammet nedafor skulle gi eit bilete av utviklinga siste 8 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Bømlo i perioden 1982-1989.




Tabel 2.1.b. Fitjar kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	0	1	2	0	5	18	26	70,76
	Blad B	1	7	8	5	7	0	0	28	38,64
	Totalt	1	7	9	7	7	5	18	54	54,11
1989	Blad A	0	0	1	0	1	5	16	23	70,21
	Blad B	1	7	7	5	6	0	0	26	38,17
	Totalt	1	7	8	5	7	5	16	49	53,21

Også dette året har talet fiskarar gått attende i Fitjar kommune, men kommunen er framleis den tredje største fiskerikommunen i distriktet.

Tabellen ovafor skulle gi eit bilete av utviklinga dei to siste åra. For dei 8 siste åra, skulle diagrammet nedafor gi eit visst oversyn.

#### Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Fitjar i perioden 1982-1989




Tabel 2.1.c. Stord kommune.

Ar	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	0	1	0	0	0	1	2	55,50
	Blad B	1	5	2	1	5	2	0	16	41,37
	Totalt	1	5	3	1	5	2	1	18	42,94
1989	Blad A	0	0	1	0	0	0	1	2	56,50
	Blad B	1	3	2	1	5	2	0	14	43,75
	Totalt	1	3	3	1	5	2	1	16	45,34

Siste året viser ein liten nedgong for fiskarmanntalet for Stord kommune. Blad B har minka med 2 personar, mens der er same tal som førre året på blad A.

Diagrammet nedafør skulle gi eit visst oversyn over utviklinga siste 8 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Stord i perioden 1982-1989.




Tabel 2.1.d. Sveio kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	1	0	1	4	4	14	24	68,75
	Blad B	0	0	1	1	2	1	0	5	51,00
	Totalt	0	1	1	2	6	5	14	29	65,68
1989	Blad A	0	1	1	1	3	3	14	23	65,86
	Blad B	0	0	2	1	2	1	0	6	48,33
	Totalt	0	1	3	2	5	4	14	29	62,24

Manntalet for Sveio kommune syner inga endring frå året før totalt sett, men der er ein overgang frå blad A til blad B.

Diagrammet nedafør skulle gi eit visst oversyn over utviklinga siste 8 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Sveio i perioden 1982-1989.




Tabell 2.1.e. Etne kommune.

Ar	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	0	2	1	0	1	5	9	61,66
	Blad B	0	1	1	0	0	0	0	2	25,50
	Totalt	0	1	3	1	0	1	5	11	55,09
1989	Blad A	0	0	2	0	0	1	5	8	63,75
	Blad B	0	2	1	1	0	0	0	4	32,50
	Totalt	0	2	3	1	0	1	5	12	53,33

Heller ikkje for Etne kommune syner fiskarmanntalet noko vesentleg endring siste året. Det har vore ein tilgang på 1 på blad A.

Diagrammet nedafør skulle gi eit visst oversyn over utviklinga dei siste 8 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Etne i perioden 1982-1989.




Tabell 2.1.f. Ølen kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	0	0	0	0	1	2	3	71,66
	Blad B	0	1	0	0	2	2	1	6	55,83
	Totalt	0	1	0	0	2	3	3	9	61,11
1989	Blad A	0	0	0	0	0	1	2	3	72,66
	Blad B	0	0	1	0	2	2	1	6	56,83
	Totalt	0	0	1	0	2	3	3	9	62,11

Talet på fiskarar i Ølen har ikkje endra seg siste året.

Diagrammet nedafør skulle gi eit visst oversyn over utviklinga dei siste 8 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Ølen i perioden 1982-1989.




Tabell 2.1.g. Kvinnherad kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15- 19	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	70- opp		
1988	Blad A	0	0	0	0	2	5	27	34	74,70
	Blad B	0	14	16	4	6	3	0	43	37,55
	Totalt	0	14	16	4	8	8	27	77	53,96
1989	Blad A	0	0	0	0	2	7	27	36	71,94
	Blad B	2	24	16	6	8	1	0	57	34,56
	Totalt	2	24	16	6	10	8	27	93	49,03

Kvinnherad er framleis den nest største fiskerikommunen i regionen og har i året hatt ein heller stor auke i talet fiskarar på Blad B. På blad A har det vore ein liten nedgong.

Diagrammet nedafo skulle gi eit visst intrykk av utviklinga dei siste 8 åra.


Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Kvinnherad i perioden  
1982-1989.



For rettleiardiistriktet sett under eitt vil ein sjå at der har vore ein liten auke i talet på fiskarar på blad B. Mest heile denne auken finn ein i Kvinnherad, mens Bømlo har den største nedgangen. Blad A syner liten endring.

Diagrammet nedafor skulle gi eit visst inntrykk av utviklinga i regionen i dei siste 8 åra.

**Grafisk framstilling av sysselsetjinga  
i fiskeria i Sunnhordland i perioden  
1982-1989.**



2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

I foredlingsleddet har ein diverre hatt lita utvikling siste året. Dei tradisjonelle mottaksstadene i øklandsvåg, Melingsvåg, Espevær og Brandasund har halde fram som før. I Hovlandshagen på Bømlo kom anlegget for mottak av fisk og levering av is i gong mot slutten av året, men effekten av dette er ikkje merkjande endå.

Mottaksanlegget på Sunde som kom i gong andre halvår, er berre for "edelfisk", og er omtala under slakte/pakkeanlegg.

Hermetikkfabrikken i Skånevik har hatt vanleg drift også dette året, og det same gjeld Ole Havn sitt anlegg for nedlegging av krabbe på Koløyholmen. I Uskedalen har Brødrene Hjønnvåg sin fiskematproduksjon gått som tidlegare.

Fiskemottaket og fiskeforretningen på Leirvik kom i gong frå tidleg på året. Diverre har verksemda ikkje gått vidare bra, og det er stor fare for at drifta vil stoppa opp med det fyrste. Ein skal ikkje her



freista analysera årsakene til dette, men kan peika på at fiskarane har klaga over at det er vanskeleg å få koma til å levera, og at prisane har vore låge.

Mottaket som det har vore arbeid lenge med å få istand på Sydnes på Halsnøy har hatt mange vanskar å stri med, men ein har ikkje gitt opp å få dette anlegget i drift for mottak av skjell og kvitfisk frå dette området.

### 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Som nemnt tidlegare i denne årsmeldinga vil det også dette året verta utarbeid ei eiga melding for havbruksnæringa i Sunnhordland. Denne vil verta utsendt som eit tillegg til sjølve årsmeldinga.

### 2.4. Avleia verksemd.

Forutan om fiskefarty, oppdrettsverksemd, mottaksstasjonar og slakte og pakkeverksemd for oppdrettsfisk fins det i regionen ei lang rekkje verksemd som har tilknytting til fiskeri- og oppdrettsnæringane, og ein skal her få nemna nokre av desse:

#### Bømlo kommune:

Wartsila Wichmann Diesel A/S, 5420 Rubbestadneset.  
 Rubb Industri, "  
 Servogear A/S "  
 Matre & Co., "  
 Innvær Plast, "  
 Båtutrustning A/S, "  
 Halderaker & Sønner, Mølandsvågen, 5430 Bremnes  
 Adnanes Skipsbyggeri, "  
 Moster Industriservice A/S, 5440 Mosterhamn.  
 Rolf E. Larsen, 5427 Urangsvåg.  
 Bremnes Elektro A/S, 5430 Bremnes.  
 Elektro Installasjon A/S, 5430 Bremnes.  
 Johs. Mæhle, 5444 Espevær.  
 Bømmeløy Mek. Verksted, 5443 Bømlo  
 Knut Kvernenes, Mek. Verksted, 5444 Espevær.  
 Bømlo Elektriske, 5443 Bømlo.  
 Grindheimsvåg Slipp & Mek. Verksted, 5440 Mosterhamn.  
 Bømlo Construction Services A/S, 5440 Mosterhamn.

#### Fitjar Kommune.

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S, 5419 Fitjar.  
 Fitjar Mek. Verksted A/S,  
 Vik og Sanvik A/S, 5419 Fitjar.  
 Knut Rydland, "  
 M. Dahl-Helland, "  
 Ole Havn, Koløyholmen, "  
 Andersen & Sønner, Dåfjord, 5419 Fitjar.  
 Johnsen Plastindustri, 5423 Brandasund.  
 Johnsen Slipp, "

Stord kommune.

A/S Seglneset Mek.Verksted, 5410 Sagvåg  
 Risnes & Sønner, "  
 Eldøy Mek.Verksted, 5400 Stord.  
 Sunnhordland Elektro A/S, 5400 Stord.  
 Oma Båtbyggeri, "  
 Leirvik Sveis A/S, "  
 Aqua Consult "

Kvinnherad kommune.

Eide Contracting A/S, 5457 Høylandsbygd.  
 Eidsvik Skippsbyggeri A/S, 5463 Uskedalen.  
 Th.Hellesøy Skippsbyggeri, 5474 Løfallstrand.  
 Skaaluren Skippsbyggeri, 5470 Rosendal.  
 Kvinnherad Sveis og Montering A/S, 5451 Valen.

Etne kommune.

Sunnhordland Mek.Verksted A/S, 5593 Skånevik.  
 Skånevik Mek.Verksted, "  
 Delta Plast A/S, "

Sveio kommune.

Øklandsnes Slip & Mek.Verksted, 5526 Auklandshamn.

Ølen kommune.

Ølens Skipsindustri A/S, 5582 Ølensvåg.

## 3. FISKEFLATEN.

3.1. Merkeregisteret.

I tabellane 3.1. a - g finn ein eit oversyn over merkerigistrerte fiskefarty i rettleiardistriktet. Føringa av desse registera vart alle i 1989 overtekne av fiskeriretttleiarkontoret. Ein reknar med at ein med dette skal få ei einsarta føring for alle kommunane, og at den saneringa ein har gjennomført ikkje skal ha slått ulikt ut frå kommune til kommune.

Tendensen med å stryka farty eigde av pensjonistar når dei får pålegg frå Skipsskontrollen har halde fram, og gir seg tydelege utslag i tabellane over farty innførde i merkeregisteret.

På side 19 vil ein finna ei grafisk framstilling av utviklinga når det gjeld merkeregistrerte farty i Sunnhordlandskommunane i åra 1981, 1985 og 1989.

Tabell 3.1.a. Merkeregisterdata for 1989.

Bømlo kommune.

Tal farty	Totalt	Lengde i meter					
		0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	215	2	152	32	10	4	15
Avgang	32	1	22	4	2	-	3
Tilgang	7	-	5	-	2	-	-
Pr. 31/12	190	1	135	28	10	4	12
Byggjear							
Før 1929	4	-	2	1	1	-	-
1930-39	7	-	4	3	-	-	-
1940-49	8	-	5	2	-	-	1
1950-59	22	-	14	4	2	2	-
1960-69	39	-	31	2	2	1	3
1970-79	54	-	38	6	2	-	8
1980-84	40	1	30	8	1	-	-
Etter-85	11	-	7	1	2	1	-
Ukjendt	5	-	4	1	-	-	-
Totalt	190	1	135	28	10	4	12

Tabell 3.1.b. Merkereregisterdata for 1989.

Fitjar kommune.

Tal farty	Totalt	Lengde i meter					
		0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	63	3	51	9	-	-	-
Avgong	24	2	21	1	-	-	-
Tilgong	1	-	-	1	-	-	-
Pr.31/12	40	1	30	9	-	-	-
Byggjeår							
Før 1929	0	-	-	-	-	-	-
1930-39	1	-	-	1	-	-	-
1940-49	1	-	1	-	-	-	-
1950-59	2	-	2	-	-	-	-
1960-69	3	-	2	1	-	-	-
1970-79	16	1	14	1	-	-	-
1980-84	15	-	9	6	-	-	-
Etter-85	1	-	1	-	-	-	-
Ukjendt	1	-	1	-	-	-	-
Totalt	40	1	30	9	-	-	-

Tabell 3.1.c. Merkereregisterdata for 1989.

Stord kommune..

Tal farty	Totalt	Lengde i meter					
		0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	7	-	6	1	-	-	-
Avgong	0	-	0	-	-	-	-
Tilgong	1	-	1	-	-	-	-
Pr.31/12	8	-	7	1	-	-	-
Byggjeår							
Før 1929	0	-	-	-	-	-	-
1930-39	1	-	-	1	-	-	-
1940-49	0	-	-	-	-	-	-
1950-59	2	-	2	-	-	-	-
1960-69	3	-	3	-	-	-	-
1970-79	2	-	2	-	-	-	-
1980-84	0	-	-	-	-	-	-
Etter-85	0	-	-	-	-	-	-
Ukjendt	0	-	-	-	-	-	-
Totalt	8	-	7	1	-	-	-

Tabell 3.1.d. Merkerregisterdata for 1989.

Sveio kommune .

Tal farty	Totalt	Lengde i meter					
		0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	51	-	50	1	-	-	-
Avgang	25	-	24	1	-	-	-
Tilgang	2	-	1	1	-	-	-
Pr.31/12	28	-	27	1	-	-	-
<b>Byggjeår</b>							
Før 1929	0	-	-	-	-	-	-
1930-39	2	-	2	-	-	-	-
1940-49	1	-	1	-	-	-	-
1950-59	8	-	8	-	-	-	-
1960-69	1	-	1	-	-	-	-
1970-79	5	-	5	-	-	-	-
1980-84	5	-	4	1	-	-	-
Etter-85	2	-	2	-	-	-	-
Ukjendt	4	-	4	-	-	-	-
Totalt	28	-	27	1	-	-	-

Tabell 3.1.e. Merkerregisterdata for 1989.

Etne kommune. .

Tal farty	Totalt	Lengde i meter					
		0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	28	1	26	1	-	-	-
Avgang	19	-	19	-	-	-	-
Tilgang	0	-	-	-	-	-	-
Pr.31/12	9	1	7	1	-	-	-
<b>Byggjeår</b>							
Før 1929	0	-	-	-	-	-	-
1930-39	0	-	0	-	-	-	-
1940-49	2	-	2	-	-	-	-
1950-59	1	-	1	-	-	-	-
1960-69	2	-	2	-	-	-	-
1970-79	2	1	1	-	-	-	-
1980-84	1	-	-	1	-	-	-
Etter-85	0	-	-	-	-	-	-
Ukjendt	1	-	1	-	-	-	-
Totalt	9	1	7	1	-	-	-

Tabell 3.1.f. Merkerregisterdata for 1989.

Ølen kommune. .

Tal farty	Lengde i meter						
	Totalt	0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	23	1	18	4	-	-	-
Avgang	16	1	13	2	-	-	-
Tilgang	3	-	2	1	-	-	-
Pr.31/12	10	0	7	3	-	-	-
<b>Byggjeår</b>							
Før 1929	0	-	-	-	-	-	-
1930-39	0	-	-	-	-	-	-
1940-49	1	-	1	-	-	-	-
1950-59	5	-	3	2	-	-	-
1960-69	1	-	-	1	-	-	-
1970-79	1	-	1	-	-	-	-
1980-84	1	-	1	-	-	-	-
Etter-85	1	-	1	-	-	-	-
Ukjendt	0	-	-	-	-	-	-
Totalt	10	0	7	3	-	-	-


Tabell 3.1.g. Merkerregisterdata for 1989.

Kvinnherad kommune.

Tal farty	Lengde i meter						
	Totalt	0,0-4,9	5,0-9,9	10,0-14,9	15,0-19,9	20,0-29,9	Over 30
Pr. 1/1	87	1	69	11	4	2	-
Avgang	17	-	14	1	1	1	-
Tilgang	7	-	4	1	2	-	-
Pr.31/12	77	1	59	11	5	1	-
<b>Byggjeår</b>							
Før 1929	3	-	1	1	1	-	-
1930-39	2	-	1	-	1	-	-
1940-49	4	-	4	-	-	-	-
1950-59	12	-	7	1	3	1	-
1960-69	12	-	11	1	-	-	-
1970-79	23	1	19	3	-	-	-
1980-84	12	-	8	4	-	-	-
Etter-85	4	-	3	1	-	-	-
Ukjendt	5	-	5	-	-	-	-
Totalt	77	1	59	11	5	1	-

MERKEREISTRERTE FISKEFARTY I  
SUNNHORDLAND.

TAL FARTY UTAN OMSYN TIL STORLEIK.



SAMANLIKNING MELLOM 1981, 1985 OG 1989.

### 3.2. Konsesjonar.

I tabellen nedafør vil ein finna ei oversikt over dei konsesjonane i fiske som var haldne av fiskarar/farty frå Sunnhordland ved utgangen av 1989.

Kommune	Nordsjø/ loddetrål	Ringnot	Brisling- registr.	Seinot
Bømlø	14 *	1 *	13	1 *
Fitjar	0	0	6	0
Stord	0	0	0	0
Ølen	0	0	7	0
Etne	0	0	8	0
Kvinnherad	0	0	31	0
Sveio	0	0	7	0
Tilsaman	14	1	72	1

Ein vil merkja seg at konsesjonane for drivgarnsfiske etter laks har falle bort etter at dette fisket vart forbode frå og med 1989.

Registreringsordninga for brislingfiske vart oppretthalde også i 1989, og tala ovafor omfattar både snurpenot- og landnot-registreringar. Ikkje alle var i bruk i 1989. Postane merkt \* syner til at det er eit og same farty som har konsesjon for fleire fiskeri. Begge fartya frå Bømlø som hadde konsesjon for kolmuletråling er selde ut av distriktet.

#### 4. FOREDLINGSLEDDET.

##### 4.1. Oppfiska kvantum / verde.

Manglande mottak/foredlingsanlegg for industrifisk, for fisk til filet, reker for pilling, fisk til hermetikk m.v. har nå som tidlegare ført til at det meste av fisken som vart fiska av fiskarane i regionen er vorten levert utanom fiskarane sin heimstadskommune.

Som nemnt tidlegare vert framleis ein del fisk levert til dei lokale mottaka i Espevær, Melingsvåg, Øklandsvåg og Brandasund. Dette gjeld helst garn- og linefisk, men og ein del reker. Makrellmottaka i Øklandsvåg og Brandasund var i drift også dette året, men grunna svært dårleg drivgarnsfiske vart mottekne kvanta heller små. Ein del notfiska makrell vart stort sett levert utafør distriktet, eller til Aust-Europeiske mottaksfarty i Børøyfjorden.

Konsumfiskleveringane frå Nordsjøen til Bremnes Fryseri A/S var små, og har minka frå år til år. Ein kjenner ikkje til at der var leveransar frå utalandske fiskarar dette året.

Fiskarar frå regionen har levert fisk til så godt som alle dei salslag som ein har på kysten, men likeeins som førre året har det vore uråd å få dei statistikkar frå salslaga som ein har trong for for å setja opp dei tabellar som synleggjer nemde leveringar.

Som nemnt ovafor vart det også dette året levert sild og makrell til Aust-Europeiskefabrikkskip som låg til ankers i Børøyfjorden. Ein kjenner ikkje til kva kvantum det her kan vera tale om.

#### 6. LANE- OG ANDRE FINANSKJELDER.

##### 6.1. Statens Fiskarbank.

Tabellen på neste side gir eit oversyn over søknader om lån frå og tilsagn om lån til fiskarar i regionen. Kommentaranne skulle kunna gi eit inntrykk av stoda samanlikna med året før.

##### 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond.

Også dette året vart det gitt tilskot/lån frå Distriktenes Utbyggingsfond til fleire verksemder i distriktet. Dei fleste av desse galdt oppdrettsnæringa eller verksemder som driv slakting/pakking av laks. Dei lokale tiltakskontora har fremja dei fleste av desse sakene, men nokre har vore innom rettleiingskontoret for vurdering/uttale.



## STATENS FISKARBANK. Låneverksemnda i Sunnhordland 1989.

## BØMLØ KOMMUNE.

Type lån/tilskot	Tal søkn.	Tal tils.	Omsøkt kr.	Tilsagn kr.
Lån til nytt farty	2	1	28.600.000	16.100.000
" " brukt farty	5	3	11.744.000	2.873.000
" " reidskap	3	2	679.000	200.000
" " omb./ny motor/utstyr	11	11	4.405.000	3.020.000
Likviditetsslån	8	6	2.545.000	675.000
Likviditetstilskot	5	3	625.000	100.000
Tilskot til økotiltak	2	2	42.000	23.500
" " arb.miljøtiltak	5	3	67.725	39.500
" " kondemnering	1	1	325.000	325.000
Sum	42	32	49.032.725	23.356.000

## KVINNHERAD KOMMUNE.

Type lån/tilskot	Tal søkn.	Tal tils.	Omsøkt kr.	Tilsagn kr.
Lån til brukt farty	1	1	800.000	400.000
" " omb./ny motor	2	2	258.000	200.000
Likviditetsslån	1	1	85.000	58.000
Likviditetstilskot	3	1	355.000	75.000
Tilskot til arb.miljøtiltak	3	1	370.000	75.000
" " kondemnering	1	1	360.000	360.000
Sum	11	7	2.228.000	1.168.000

Frå kommunane Etne, Stord og Ølen var der ingen søknader i 1989.

Frå Sveio var der ein søknad om lån til brukt farty på kr.340.000. Den vart stetta med kr. 250.000.

Frå Fitjar var der ein søknad om lån til ny motor, samt tilskot til kondemnering av den gamle. Samla søknadssum kr. 65.750, som vart stetta.

Samanliknar ein med 1988 får ein fylgjande resultat:

Ar:	Samla tal søknader:	Søknadssum:	Tilsagnsum:	% - tilsagn:
1988:	29	kr.20,6 mill.	kr.11,4 mill.	55,37
1989:	55	" 51,6 "	" 23,7 "	45,80

I lånetilsagnet for nybygg er inkludert investeringstilskot med kr. 3 mill.

## 7. TILTAK/TILTAKSPLANAR.

Som tidlegare år har det meste av tiltaksarbeidet ved rettleiar-kontoret vore retta mot havbruksnæringa, og ein viser difor i denne samanhengen til eige kapittel om denne næringa i denne årsmeldinga. Etter at stillinga som havbrukskonsulent vart inndregen har endå meir av tida til dei tilsette ved rettleiarkontoret gått til forvaltning, og tiltaksarbeidet har dermed måtta vika prioritet endå meir enn tidlegare. Rettleiarkontoret har derfor ikkje eigne planar for tiltaksarbeid, men freistar så langt råd er å bistå dei kommunale tiltakskontora når det er trong for det.

## 8. SUMMERING.

### 8.1. Rettleiingstenesta.

Aktiviteten i Rettleiingstenesta v/fiskerinemdene er omtala i kapittel 1.8 og 1.9 i denne årsmeldinga.

I tillegg til dei aktivitetar som der er rekna opp har ein hatt ganske mykje arbeid i samband med:

- Merkerregistersaker
- Fiskarmanntalssaker
- Statistikkar for ymse føremål
- Planar for fiskerihamnbygging
- Budsjettnemdssaker
- Uttale til ymse framlegg frå komitear og utval

### 8.2. Fiskerinæringa.

Dei 2 store ringnotfartya i regionen vart begge selde ut av distriktet dette året, og ingen av dei var erstatta med nye farty ved utgangen av året.

Nordsjøtrålarane hadde eit betre år i 1989 enn året før, og bortsett frå dei som satsa på reint konsumfiske var året brukbart. Det var serleg det gode tobisfisket som bar dette året for dei fleste i farty-gruppa nordsjøtrålarar.

Det kan vel seiast at det framleis vert satsa friskt på dette fisket, noko som dei store investeringane til ombygging/modernisering, og jamvel nybygging, skulle syna.

Kystfiskeflåten, stort sett farty under 13.m.l.1, slit framleis med dei største vanskane.

Årsakene til dette er fleire, men hovudårsaka er ressurssvikt, serleg når det gjeld pale. Ei anna årsak er avtaksvanskar. Brislingfisket gav også eit magert utbytte, og det er vanskeleg å finna andre fiskeri som kan erstatta svikten.

Flåten av små rekeetrålarar på kysten og dei nære farvatn hadde eit jamnt over dårleg år, men der var tildels store variasjonar frå farty til farty. Det kom til to nybygde farty i denne gruppa i meldingsåret, men det er ennå for tidleg å seia noko om korleis lønsemda vil verta. Denne fartygruppa slit framleis med dei same problema når det gjeld innblanding av fisk i fangstane som ein melde om førre året, men ein vonar nå at det skal verta ei ordning på dette med det første.

Også dette året har ein hatt ei rekkje krav om erstatning for økade på fiskereidskap på grunn av oljeverksemda, men ein ser nå tydeleg at talet av slike krav minkar, og ein vonar at dette er eit resultat av opprenskinga som har gått føre seg på dei mest utsette felta. Reglane for erstatning har vore som tidlegare år.

Bruken av sjøareal og saker som vedkjem havbruk har også dette året vore svært viktige arbeidsfelt for rettleiarkontoret. Det meste av arbeidet med dette vart tidlegare gjort av Havbrukskonsulenten i Sunnhordland, men diverre viste det seg at den frykta ein gav uttrykk for i førre årsmeldinga om at denne stillinga ville verta inndregen vart til røyndom frå midten av 1989. Dette fører til at den service ein kan gi denne næringa er sterkt redusert.

Ein har sett det som svært viktig at oppdrettsnæringa vert gitt dei beste vilkår med omsyn til gode lokalitetar, og med nok reserve- eller avlastingslokalitetar. I samband med at Bømlo har utarbeid ny kommuneplan der også sjømråda er tekne med, har ein gjennom møter, nemdshandsamingar, uttalar osb. freista utverka dette, men utan at det ser ut for at dei kommunale instansar har teke naudsynt omsyn til det. Særleg i Bømlo, men og i Fitjar vil mangel på gode, tilgjengelege lokalitetar verta ein hemske for ei vidare utvikling i framtida.

## 9. HAVBRUK.

### 9.1. Fiskeoppdrett.

Matfiskproduksjonen har hatt fortsatt auke i 1989. Dette gjeld då særleg laks. Tabell 1 og Fig. 1 gir nærare opplysningar om utviklinga innan denne grøina av næringa.

Setjefiskproduksjonen har og gått noko opp siste året, men ikkje så mykje som matfiskproduksjonen. Tabell 2 og Fig. 2 syner utviklinga i regionen når det gjeld denne delen av havbruksnæringa.

Slakting/pakking av matfisk vert omtala og synt grafisk i Tabell 3 og Fig. 3.

Samla verksemd og sysselsetjinga i regionen er omtala og synt i Tabell 4, Fig. 4.

Samanlikningar for dei siste 5 åra når det gjeld matfiskproduksjon, setjefiskproduksjon, slakting/pakking, investeringar og gjennomsnittsprisar finn ein i dei grafiske framstillingane Fig. 5 - 9.

## 9.2. Marine artar.

Matfiskproduksjon av marine artar har utvikla seg lite. Ei av hovudårsakene til dette har vore mangel på yngel av slike artar. Dei anlegga som har kome i drift har for det meste basert seg på innfanga villfisk, og produksjonen av torsk har lege ein stad mellom 20 og 40 tonn. Ein annan vanske har vore å få ein rekningssevarande pris for denne fisken.

Yngelproduksjon har gjort visse framsteg. Produksjonen av piggvaryngel for eksport har vore bra, medan produksjon av yngel av andre andre artar, som t.d. kveite, steinbit osv. har vore minimal, sjølv om der nok er gjort store landevinningar når det gjeld metodar for slik produksjon.

Sunnhordland Marin Yngelproduksjon som vart etablert førre året har endå ikkje kome i gong. Det er imidlertid bestemt at det skal etablerast i Hovlandshagen industriområde på Bømlo, og ein vonar det ikkje vil ta altfor lang tid før ein kan koma i gong der.


## 9.3. Skalldyr.

Skalldyrproduksjonen har lege meir eller mindre nede. Berre nokre få av dei som byrja med dette har halde fram med mindre produksjon. Ei av årsakene til dette er at der ikkje er avtak for skalldyr i regionen. Arbeidet for å få til eit mottak på Sydnes på Halsnøy har halde fram, men ein er når denne meldinga vert skriven ikkje visse på at det let seg gjennomføra.

Yngelproduksjonen av østers har halde fram i to pollar, ein i Fitjar og ein i Bømlo. Etter det ein kjenner til vart avsetningen av yngel nokolunde normal også dette året.

Mangt og mykje kunne vore teke med og nærare utdjupa i denne meldinga, men av plassomsyn får ein halda seg til det som her er kome fram. Skulle nokon av dei som måtte koma til å lesa meldinga finna noko i den som krev nærare klårgjering, står ein til teneste så langt ein rekk.

Bremnes, 2. august 1990.



Ragnvald Innvær  
Fiskerirettleiar

Tabell 1: Matfiskanlegg.

	BØMLO	ETNE	FITJAR	KV.HERAD	SVEID	TOTAL
MATFISKANLEGG	10	5	5	2	4	24
SMOLT UTSETT (1000 STK.)	1158	300	475	244	308	2485
FISK TEKEN OPP (TONN)	3020	880	1015	390	795	6100
VERDE OPP- TEKEN FISK (1000 KR.)	94200	28200	26450	9900	21600	180350
INVESTERT I ÅRET (1000 KR.)	3400	2000	1160	3300	950	10810
FAST TILSETTE:						
MENN	35	7	12	4	11	69
KVINNER	3	0	1	0	1	5
DELTIDSTILSETTE:						
MENN	7	3	1	4	2	17
KVINNER	17	1	0	2	1	21

Det var ein auke på eit matfiskanlegg i regionen i 1989. Dette er igrunnen eit anlegg som høyrer heime i Fusa, men som nå er har flytta størstedelen av verksemda til Kvinnherad. Produksjonstal o.l. er rekna med under denne kommunen.

#### PRODUKSJON:

Som venta vart det ein stor auke i produksjonen av laks i regionen dette året, heile 1.930 tonn eller ca. 46%. Talet på utsett smolt har gått attende med ca. 100.000 frå 1988, og saman med mykje sjukdom og tidleg slakting av fisk, er det ikkje venta at denne auken i produksjonen vil halda fram, snarare kan ein venta ein viss nedgong.

#### VERDE:

På grunn av lågare prisar vart ikkje verde av produksjonsauken tilsvarande, men den vart likevel ca. kr. 47,5 mill, eller omlag 36%.

Gjennomsnittsprisen som hadde falle med omlag kr. 5,- pr. kg frå 1987 til 1988, fall også eindel i 1989, og var då for oppteken fisk i regionen ca. kr. 29,55, ned ca. kr. 2,35 frå 1988.

Tabell 2: Setjefiskanlegg.

	BØMLØ	ETNE	FITJAR	KV.HERAD	STORD	SVEIO	ØLEN	TOTALT
KLEKKERI/ SETJEFISKANL.:	6	2	2	7	2	5	1	25
KLEKT ROGN (LITER)	1105	120	720	2820	0	900	300	5965
SMOLT PROD. (1000 STK.)	2330	150	1100	2230	460	1800	550	8620
VERDE AV PROD.SMOLT (1000 KR.)	24200	1650	11000	29700	5500	22000	6000	100050
INVESTERT I ÅRET (1000 KR.)	1150	0	2200	4100	275	1600	150	9475
FAST TILSETTE:								
MENN	14	1	5	11	2	14	2	49
KVINNER	3	0	2	2	0	3	2	12
DELTIDSTILSETTE:								
MENN	1	0	0	5	2	1	0	9
KVINNER	4	0	0	7	1	1	0	13

I 1989 var der 3 anlegg som gjekk konkurs og 2 av desse måtte gi opp drifta, det tredje vart drive vidare av andre eigarar. 3 andre anlegg hadde lita eller inga drift i dette året og er derfor ikkje tekne med i statistikken.

#### PRODUKSJON:

Det vart klekt ca. 1800 l meir rogn enn året før, ein auke på ca. 42%. Resultatet av dette vil ein fyrst sjå i 1990. Ein god del av den rogn som er klekt er levert som startfora yngel til anlegg som ikkje sjølv har klekkeri.

#### VERDE:

På trass av ein auke i produksjonen på ca. 200.000 stk. smolt, finn ein at verdet har gått ned med ca. kr.20,5 mill. frå året før, og gjennomsnittsprisen låg på berre kr. 11,60 pr. stk. Sjølv til desse prisar har det vore vanskeleg å få heile produksjonen omsett. Regionen hadde ein overproduksjon i høve til utsett smolt på omlag 6,1 mill. smolt eller omlag 250%. Det er venta at det også neste år vil verta vanskar med omsetninga, men ein vonar at ein deretter vil koma meir i balanse mellom produksjon og etterspurnad.

Tabell 3: Slakte-/pakkeanlegg.

	BØMLØ	FITJAR	SVEIO	KV.HERAD	TOTALT
SLAKTE-/ PAKKEANLEGG	4	1	1	1	7
MENGDE MOTTEKEN FOR PAKKING/SLAKTING I ÅRET (TONN)	3490	750	1000	450	5690
INVESTERINGAR I ÅRET (1000 KR.)	600	2400	500	0	3500
FAST TILSETTE:					
MENN	13	3	2	1	19
KVINNER	0	0	0	0	0
DELTIDSTILSETTE:					
MENN	5	3	5	5	18
KVINNER	15	9	15	25	64

Matfisk slakta og pakka i regionen har gått opp med omlag 2.550 tonn sidan året før. Delvis kjem dette av at produksjonen har gått monaleg opp i regionen, men og det faktum at anlegget i Sveio kom skikkeleg i gong dette året, og at anlegget på Sunde hadde drift omlag halve året.

Framleis vert ein del fisk slakta utanom regionen, men denne andelen er etter det statistikken fortel monaleg mindre enn den var tidlegare. Ein skal og vera merksam på at regionen får tilført ikkje ubetydelege mengder fisk for slakting/pakking frå andre distrikt.

Slik ein ser det skulle regionen vera godt dekkja når det gjeld kapasitet for slakting/pakking, og det skulle ikkje vera nokon påtrengjande trong for vidare utbygging nå.

Tabell 4: Samla verksemd matfiskanlegg og setjefiskanlegg.

VERKSEMDER	49
UTSETT SMOLT	2,5 MILL.STK
PRODUSERT SMOLT	6,8 " "
PRODUSERT MATFISK	6.100 TONN
INVESTERINGAR	20,3 MILL.KR
SAMLA OMSETNAD	280,4 MILL.KR
SYSSELSETTJINGA:	
FAST TILSETTE MENN	118
" " KVINNER	17
DELTIDSTILSETTE MENN	26
- " " KVINNER	34

Sjølv om samla omsetnad for matfisk- og setjefiskanlegg i 1989 syner ein auke på ca. 11% i høve til 1988 kan dette ikkje seiast å vera tilfredsstillande. Kvantumet produsert smolt gjekk i same tidsromet opp med ca. 200.000 stk, og oppteke kvantum slaktefisk med ca. 1.900 tonn. Som nemnt under tabellane 1 og 2 er det dei låge prisane som er hovudårsak til det heller dårlege resultatet.


Investeringane i året syner ein drastisk nedgong, frå mest 40 mill. kr. i 1988 til vel 21 mill. kr. i 1989. Noko kan dette skuldast at dei fleste anlegga nå er godt utbygde, men dei dårlege utsiktene for næringa i den næraste tida har nok og fått mange til å visa større varsemd.

I talet verksemder har ein berre teke med verksemder som er med i statistikken, dvs. at verksemder som ikkje har vore i drift i året ikkje er tekne med.

Ser ein på tabell 1 og 2 finn ein at talet på fast tilsette har gått noko attende, medan høvet mellom kvinner og menn tilsette er nokolunde det same. Tek ein med talet på deltidstilsette både i oppdrett og slakting/pakking, finn ein at dette har auka monaleg frå året før, særleg når det gjeld deltidstilsette kvinner. Då fleire av matfiskanlegga også driv slakting/pakking er det i stor grad dei same personane som går att som deltidstilsette i sesse verksemdene.




FIG. 1. PRODUSERT MATFISK I SUMMHORDLD.




SAMANLIKNING MELLOM ÅRA 1989 OG 1988.

FIG. 2. PRODUSERT SETJEFISK I SUMMHLD.



SAMANLIKNING MELLOM ÅRA 1989 OG 1988.

FIG. 3. SLAKTA/PAKKA LAKSEFISK I SH.LAND



SAMANLIKNING MELLOM ÅRA 1989 OG 1988.

FIG. 4. SYSSELSETJINGA I OPPDR.NÆRINGA I SUNNHORDLAND.


SAMANLIKNING MELLOM ÅRA 1989 OG 1988.  
HT=HEILTID, DT=DELTID, M=MENN, KV=KVINNER.

FIG. 5. PRODUSERT MATFISK (LAKSEFISK) I SUNNHORDLAND 1985 - 1989.




FIG. 6. PRODUSERT SMOLT I SUNNHORDLAND 1985 - 1989.




FIG. 7. SLAKTING/PÅKING AV LAKS I  
SUNNHORDLAND 1985 - 1989.




FIG. 8. INVESTERINGAR I MATFISK- OG  
SETJEFISKANLEGG I SUNNH.LAND 1985 - 1989




FIG. 9. GJENNOMSNIITSPRISAR FOR  
LAKS OG SMOLT 1985 - 1989.